

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

11.6.2012

Telefon
+47 56 57 00 70
Fax
+47 56 57 00 71
E-postadresse
post@abo-ark.no
Webadresse
www.abo-ark.no
Postadresse
Postboks 291, 5203 Os
Besøksadresse
Hamnevegen 53, 5200 Os

Reguleringsplan for Nilshøyen bustadfelt – Offentlig ettersyn

Det vert vist til offentlig ettersyn av reguleringsplan for Nilshøyen bustadfelt på Seim. ABO Plan & Arkitektur AS har på vegne av tiltakshavar og grunneigar Knut Harald Hjelmtvedt følgjande kommentar til planforslaget som ligg ute til offentlig ettersyn.

- Det er etter innsending av planforslag gjort ein del endringar i føresegner som var oppe til politiske handsaming. Det er spesielt pkt. 2.9.4 vedrørande rekkefølgjekrav fortau som det vert stilt spørsmål ved. I samband med bygging av ny skule på Seim og reguleringsplan for denne er det gjennomført reguleringsplan for trafikksikring av delar av Fv 402. Statens vegvesen har stilt rekkefølgjekrav knytt til bygging av ny skule at trafikksikring av Fv 402 skal gjennomførast i samsvar med reguleringsplanen. I ettertid har Lindås kommune pga. kostnadmessige vegvesenet lempa på desse krav. Det vert ikkje rett at desse kostnadene skal takast av denne planen og dette bustadfeltet. Grunneigar har tidligare gjeve frå seg fri grunn til fortau og utviding av veg for barnehagen. Grunneigar har før dette gjeve frå seg gratis tomt til grendahus, samt utviding av parkering i tilknytning til dette. Ein meiner såleis at grunneigar i dette tilfellet har oppfylt krav til å bidra til lokalsamfunnets gode løysingar og ber om at ein fjernar rekkefølgjekrav for fortau mot skulen.
- Tiltakshavar for planen har vore imøtekomande for at barnehagen skal få betra parkeringssituasjonen sin og har tilbudt barnehagen tomt (8 og/eller 9) rett vis a vis barnehagen til takst. Her kunne det vore etablert parkering og hente-bringeløysing knytt til levering av barn til barnehagen. Frå Lindås kommune vert det pekt på at barn og foreldre da må krysse veg, men det er her snakk om ein bustadveg med svært begrensa trafikk. Vegen har 7 eksisterande hus og maks 3 framtidige hus i nytt regulert felt. I tillegg planlegg barnehagen å etablere ein eigen avdeling slik at det ikkje blir kryssing av veg. Tomt 10 som er foreslått av kommunen er ein av dei flottaste bustadtomtene i feltet, med god sjøutsikt og soltilhøve. Tomta ligg vesentlig høgare i terrenget enn barnehagen og dersom denne skal tilretteleggast for parkering på same plan som barnehagen vil dette føre til eit stort og skjemmande terrenginngrep. Det bes derfor om at ein byttar tomt slik at barnehagen får tilbud om tomt 8 og/eller 9.

Med venleg helsing

Arne Kristian Kolstad
ABO Plan & Arkitektur AS

Kopi: Knut Harald Hjelmtveit